



Torfinn Myklebust spurde om gravmonument og raudmerking i formannskapet torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det kan verka provoserande at det blir sett raude merke på gravmonument for å markera at dei snart må sanerast, meiner Torfinn Myklebust (Uavhengig), som tok opp denne saka i formannskapsmøtet torsdag.

Han presiserer for uskedalen.no at han gjorde det på generelt grunnlag og at den sikkert gjeld i heile Kvinnherad, men at saka frå hans side hadde sitt utgangspunkt i kyrkjegarden i Uskedalen.

- Eg har registrert at det blir festa raude merke til monumenta og at nokre blir fjerna av omsyn til gjenbruket av gravar. Eg vil gjerne veta kva som eigentleg er praksis og om ein kan betale seg vekk frå dette, sa Myklebust og viste til at det knyter seg sterke kjensler til spørsmålet.

- Denne merkinga kan verka provoserande. Det må vera ei betre ordning å få monumenta inn på eit kart og

varsla på anna vis, slik at ein slepp å få merkinga rett opp i andletet, uttala Myklebust.

Ordførar Bjarne Berge kunne ikkje på sparket gje nokon grundig orientering om saka,og lova at det vil bli gjort seinare. Men han trudde at ei grav i utgangspunktet blir ståande urørd i tretti år og at det kan skje ei forlenging med 20 år til hvis ein betalar for det.

Av Ola Matti Mathisen